

Møteprotokoll

Generalforsamling i Norsk medieforskarlag (NML) 2020

22. oktober 2020 kl. 16.30-17.30

Fann stad digitalt (Zoom), i samband med medieforskarkonferansen 2020.

21 medlemmer til stades.

1. Innkalling og dagsorden

Innkallinga vart godkjend (sendt ut elektronisk 1. oktober 2020). Eiri Elvestad (leiar i NML) vart vald til dirigent. Terje Skjerdal (sekretær i NML) vart vald til referent. Holger Pöttsch og Paul Bjerke vart valde til å skriva under protokollen.

2. Årsmelding for NML 2019–20

Leiar Eiri Elvestad gjekk gjennom årsmeldinga frå styret (august 2019 til oktober 2020).

Vedtak: Generalforsamlinga tek årsmeldinga til etterretning.

3. Rekneskap for NML 2019 med revisormelding, samt rekneskap for Norsk medietidsskrift

Økonomiansvarleg Magnus Hoem Iversen orienterte.

Vedtak: Generalforsamlinga godkjenner rekneskapane for 2019 og tek revisormeldinga til etterretning.

4. Medlemskontingent for NML 2021

Vedtak: Generalforsamlinga vedtek å halda medlemskontingenten på 400 kr (295 for studentmedlemskap/pensjonistmedlemskap).

5. Årsmelding for Norsk medietidsskrift 2019–20

Redaktør Terje Colbjørnsen orienterte.

Vedtak: Generalforsamlinga tek årsmeldinga til etterretning.

6. Nye redaktører for Norsk medietidsskrift (NMT)

Redaksjonen føreslår Karoline A. Ihlebæk og Bente Kalsnes som nye redaktører av NMT.

Vedtak: Generalforsamlinga tilrår styret å utpeika Karoline A. Ihlebæk og Bente Kalsnes som medredaktørar i NML, med intensjon om at dei overtek som ansvarlege redaktørar når Terje Colbjørsen trer av i januar 2021.

7. Overføring av midlar frå NMT til eigar av tidsskriftet, NML

NMT har dei siste åra akkumulert eit visst overskot, som for tida står hjå Universitetsforlaget.

Vedtak: Overskotet frå NMT vert å overføra frå Universitetsforlaget til NML. Midlane skal setjast av som eit reservefond til bruk for framtidige publiserings- og utviklingskostnader for tidsskriftet.

8. Innføring av ny pris for beste vitskaplege artikkel

I samband med årets medieforskarkonferanse (Oslo 2020) vart det som ei prøveordning delt ut pris for beste vitskaplege artikkel.

Vedtak: Generalforsamlinga vedtek å innføra beste vitskaplege artikkel som permanent pris på den norske medieforskarkonferansen annakvart år. Styret får mandat til å definera kriterium for prisen ut frå røynslene med årets tildeling.

9. Innkomne saker

Ingen saker.

10. Val

Ny leiar: Marika Lüders, Universitetet i Oslo (2020–22)

Nye styremedlemer: Holger Pötzsch, Norges arktiske universitet Tromsø (2020–22) og Gunhild Ring Olsen, OsloMet (2020–22)

Nytt varamedlem: Erik Knudsen, Universitetet i Bergen (2020–22)

Frå før sit: Lisbeth Morlandstø, Nord universitet (2019–21), Hanne Kleiven, NTNU (2019–21) og Balder Holm, Nordicom (fast observatør), samt varamedlemer Karianne Sørgård Olsen, Nord universitet (2019–21) og Svein Høier, NTNU (2019–21). Ut av styret går Eiri Elvestad, Universitetet i Oslo, Magnus Hoem Iversen, Universitetet i Bergen og Terje Skjerdal, NLA Høgskolen.

Nye revisorar 2020–22: Magnus Hoem Iversen, Universitetet i Bergen og Kenneth Andresen, Universitetet i Agder.

Ny valkomité 2020–22: Lin Prøitz, Høgskolen i Østfold og Eiri Elvestad, Universitetet i Oslo.

Signert: Holger Pötzsch

Tromsø, 26.10.20



Paul Bjerke

Oslo, 27.10.20

